

Vanylven kommune  
Teknisk sektor

6143 FISKÅBYGD

**Vår dato:** 08.02.2023

**Vår ref.:** 202201471-4 Oppgi ved kontakt

**Dykkar ref.:** 21/1697 22/10953

**Sakshandsamar:** Bjarte Sandal,  
22959539, bjas@nve.no

## **NVE sin uttale til framlegg om detaljreguleringsplan for Småstranda næringsområde - Vanylven kommune**

Vi viser til brev datert 22.12.2023 og til vårt tidlegare innspel i brev av 11.02.2022.

Saka gjeld offentlig ettersyn av detaljreguleringsplan for Småstranda næringsområde. Føremålet med planarbeidet er å etablere eit formelt plangrunnlag for utfylling i sjø og utvikling av eit nytt næringsareal nord for Åheim. Næringsområdet er planlagt oppbygd med tilførsel av ca. 90.000 m<sup>3</sup> sprengstein frå Stad Skipstunnel, som ligg omlag 7,5 km i seglingsdistanse frå planlagt planområde. Tiltaket som er planlagt utført, omfattar utfylling i sjø og ny tilkomstveg til næringsarealet frå fylkesveg 61.

Planforslaget er i følge planomtalen ikkje direkte tiltaksretta, men legg rammer for seinare tiltak. Det er altså ikkje teke endeleg stilling til kva type verksemd som skal/kan etablerast på arealet. Regulert hovud arealbruksføremål er byggeområde for industri/lager og hamneområde i sjø.

### **Om NVE**

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonal sektormynde med motsegn-kompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å førebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strok (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).




## NVE sin konkrete uttale

### Skred i bratt terreng

Planområdet ligg delvis innanfor aktsemdsområde for skred i bratt terreng. I følge NVE Atlas ligg området innanfor aktsemdsområde for snøskred og steinsprang (NGI) og innanfor aktsemdsområde for jord- og flaumskred (NGU).

I samband med detaljregulering av Småstranda næringsareal har Norconsult AS difor gjennomført ei skredfarekartlegging for skred i bratt terreng (jf. rapport datert 25.04.2022). NVE ser at det er nokre registreringar og som manglar kartfesting, og at klimaanalysen ikkje er utarbeidd heilt i samsvar med gjeldande metodikk i NVE rettleiar «[Sikkerhet mot skred i bratt terreng - Kartlegging av skredfare i reguleringsplan og byggesak \(nve.no\)](https://nve.no/Sikkerhet-mot-skred-i-bratt-terreng-Kartlegging-av-skredfare-i-reguleringsplan-og-byggesak)». Manglane er likevel ikkje vurdert til å ha konsekvensar for konklusjonen i rapporten.

Planområdet er av Norconsult vurdert for tryggleiksklasse S1 og S2 for skred i bratt terreng etter tryggleikskrava i TEK17 § 7-3. Det er utarbeidd faresonekart for årleg nominelt sannsyn for skred  $\geq 1/100$  og  $\geq 1/1000$ , sjå utklipp av figur med faresone under (utarbeidd av Norconsult i rapport av 25.04.2022). Området som er vurdert er det opphavlege planområdet som no er vesentleg redusert - jf. plankartet som no er sendt til offentlig ettersyn, dat. 04.12.2022.



Figur 20. Faresonekart for det kartlagte området. Hele området er vurdert til å ha lavere nominell årlig sannsynlighet for skred enn 1/100. En del av området er vurdert å ha høyere sannsynlighet enn 1/1000, og det er knyttet en faresone til dette området.



Norconsult har vurdert det slik at det i heile planområdet er tilfredsstillande tryggleik i høve krav i tryggleiksklasse S1, og at store delar av planområdet gjev tilfredsstillande tryggleik for tiltak i tryggleiksklasse S2 (jf. byggt teknisk forskrift TEK17 med rettleiing). Det er vist ei faresone (jf. fig. 20 i Norconsult sin rapport og utsnitt ovanfor) for høgare årleg nominelt sannsyn enn 1/1000 i underkant av det partiet som er vurdert som mest aktivt i høve steinsprang. Det kan altså ikkje etablerast tiltak som høyrer til tryggleiksklasse S2, eller høgare innanfor denne faresona utan at det vert etablert aktuelle tryggleikstiltak (jf. Norconsult sin rapport, kap. 6). Norconsult viser til at steinsprang er den dimensjonerande skredtypen i området. Det er innarbeidd omsynssone og føresegn til faresona. NVE gir råd om at konklusjonen som går fram av Norconsult sin rapport i saka blir lagt inn i føresegnene til omsynssona (jf. § 4.2).

#### *Geoteknikk*

Norconsult har utarbeidd rapport om «*Geotekniske grunnundersøkelser – Datarapport*» datert 18.10.2022, «*Småstranda - Geoteknisk vurdering - utfylling i sjø*» datert 20.12.2022 og «*Detaljregulering Småstranda næringsområde - ROS-analyse*» datert 20.12.2022. NVE har ikkje vesentlege merknader til rapportane.

Basert på dei gjennomførte geotekniske vurderingane vert området vurdert som lite til moderat sårbart av Norconsult. Det er ifølgje Norconsult knytt litt usikkerhet til den nordlegaste delen av det kartlagte område i den geotekniske vurderinga.

Føresegn i § 2.4 set krav om at tiltak identifisert gjennom Norconsult si geotekniske vurdering datert 20.12.2022 skal følgjast opp i vidare utvikling av området. Føresegn om rekkjefølgje i § 5.1 c) set krav om geoteknisk dokumentasjon i samband med både fylling og planlegging av bygg før igangsetjingsløyve vert gitt.

NVE vurderer det slik at den dokumentasjonen av dei geotekniske forholda som føreligg, og med den oppfølginga som er sikra i planforslaget, tek i vare kravet til sikker byggegrunn for planområdet. Vi viser likevel til kommunen sitt ansvar for ivaretaking av tilstrekkeleg tryggleik mot naturfare i pbl. § 28-1. Vi ber om at utførte grunnundersøkingar meldast inn til Nasjonal database for grunnundersøkingar (NADAG).

#### *Stormflo*

Det er innarbeidd omsynssone (H320) for flaumfare (stormflo) i plankartet og det er utarbeidd føresegn til denne i § 4.3. Føresegn i § 5.1.a) set krav om sikring mot flaum og bølger for igangsetjingsløyve vert gitt. Det er elles Statsforvaltaren i Møre og Romsdal som uttalar seg til problemstillingar knytt til stormflo.

#### **Meir informasjon**

De finn elles mykje informasjon på våre nettsider om arealplanlegging, <https://www.nve.no/arealplanlegging/>. Vår uttale i saka er nødvendigvis ikkje uttømmende. For å få ei fullstendig oversikt viser vi til [Kartbasert rettleiar for reguleringsplan](#), som leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til korleis våre tema skal takast omsyn til i reguleringsplanforslaget.



Dersom de har spørsmål, eller det er noko i denne uttalen som er uklart, kan de ta kontakt pr. telefon eller e-post.

**Kommunen sitt ansvar**

Som nemnt er det kommunen som har ansvaret for at det blir tatt nødvendig omsyn til naurfare i arealplanar, byggeløyve og dispensasjonar. Dette gjeld uavhengig av om NVE har gitt råd, uttale, eller fremja motsegn til saka.

Med helsing

Øyvind Leirset  
Seksjonssjef

Bjarte Sandal  
Seniorrådgjevar

*Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.*

**Mottakarar:**

Vanylven kommune

**Kopimottakarar:**

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL